

HELGEKURS I HALLINGSRINGAR

4. - 5. november 2017, med Ulf-Arne Johannessen frå Ål



Laurdag: 4. november, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 5. november, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør:

Ulf-Arne Johannessen, A-klasse dansar, og som er ein av dei beste danserane me har.

Gjestelærer sundagen:

Silje Risdal Liahagen, A-klasse dansar frå Ål. Ei av våre nye dansestjerner ...

Spelemenn:

Atle Haugen og Ola R. Imset, begge på hardingfele.

Mat: Det blir ei god matpause, der alle i Styret vil sørge for dugurdsmaten.

Pris: Kr. 450,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!

Superpris for ungdom som vil danse: kr., 300,- (under 23 år).

Påmelding: så snart som råd, og helst innan 29. oktober for planlegging av mat og anna.

Kursinformasjon: *Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar – og det blir moro!*

Ulf-Arne Johannessen vart noREGSmeister og kongepokalvinnar i Dans hardingfele kl. A, saman med Ingunn Stræte Lie, på Geilo i 2009. Også i år på Røros var dei blant det tre finalistane som kjempe om Kongepokal! Elles klarte Ulf-Arne den bragden å vinne Laus klasse A på Røros.

Hallinglaget er svært glad for at Ulf-Arne vil halde dette kurset for oss i Oslo. Så møt opp, den ekstra låge prisen for unge er ein gest til ungdom frå Akershus og Østfold som har vore med i «bygda danser» dei siste 2-3 åra.

På sundagen får han hjelp av **Silje Risdal Liahagen**, A-klasse dansar frå Ål.

Silje vil syne jentedansen slik berre ho kan, ho er ei av jentene som kan svive slik at ho tek pusten frå ein, og ho kan forklare kva ho gjer! Drivande bra dansespel blir der også på kurset.

Alle som liker å danse er særst velkomne.

NB! Her vil ein lære mykje springar og om dans generelt: både **steg, takt, svikt og haldning!**

- - - og meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... så meld dykk på!

Epost til: grangard@online.no eller SMS til 48204652.